

Årsrapport frå sals- og skjenkekontrollen for 2020

Alkohol

I 2020 vart det gjennomførd 799 kontrollar totalt av sals- og skjenkekontrollen (784 i 2019). Det var registrert 256 faste løyver (246 løyver i 2019).

Sals- og skjenkekontrollen har komme i mål med det talet kontrollar som skal gjennomførast i kvar kommune. Ein oversikt over alle kontrollane er sendt til kvar einskild kommune.

2020 har vore eit utfordrande år. Slik også for oss i skjenkekontrollen. Corona epidemien har påført skjenkestadane store utfordringar. Desse utfordringane har skjenkekontrollen og fått kjenna på. Det har vore nedgang av gjester og fleire stengte skjenkestadar i periodar pga nasjonale råd og reglar.

Frå førsommaren av, har me tilbydd å integrera smittevern i kontrollane våre, for dei kommunane som ynskte dette. Dette har vore ei positiv oppleveling og inntrykket er at sal- og skjenkestadane ynskjer å etterleva Covid-19 forskrifter. Informasjon, råd og rettleiing frå skjenkekontrollørane har vore etterspurt og godt motteka av sals- og skjenkestadane.

Det har vore registret få brot, og det er berre skrive 5 tilleggsrapportar.

Det er gjeve muntlege pålegg ved mindre brot t.d. ved reklame, feil eller manglar på prislister og manglane alkoholfrie alternativ. Desse manglane vert fulgt opp ved neste kontroll av stadane.

Me har i 2020 ikkje hatt kontroll av IK-Alkohol. Dette av smittevern hensyn.

Tobakk

Sals og skjenkekontrollen har gjennomførd 228 kontrollar av tobakksal, som betyr at me nådde målet som er sett for tobakkskontrollen. Det var registrert 105 plassar som sel tobakk, men dette talet varierar gjennom året fordi ein salsplass kan komme til, medan andre forsvinn. Me ser at nokre plassar har vald å slutte med sal av tobakk grunna gebyret, som ikkje gjer det lønnsomt å selja.

Det har ikkje vore skrevet nokon tilleggsrapportar på tobakk i 2020.

Generelt

Sals- og skjenkekontrollen har hatt ein stabil personalgruppe i 2020. Underteikna har fungert som leiar frå 1. oktober 2020, grunna Bjørnar Dagstad har vore sjukmeldt.

Me har følgjande bemanning:

- 1 100% stilling som leiar (50% frå 1. oktober 2020)
- 1 45% stilling som kontrollør
- 1 25% stilling som kontrollør
- 3 15% stillinger som kontrollør.

Det har vore gjennomførd 2 samråingsmøter med samarbeidskommunane (1 av desse digital)

Vi er veldig nøgd med det samarbeidet som er i sals- og skjenkekontrollen. Kommunikasjonen mellom oss og kommunane har fungert svært bra, og me er for det meste nøgd med den informasjonen me får i høve løyvene.

Det er ynskjeleg at me får melding om ein skildløyver så tidleg som råd er. Dette for lettare å planlegga og målretta kontrollane.

Me opplever også at sals- og skjenkeplassane er nøgde med vår linje: samarbeid framfor kontroll. Me ynskjer å gjere løyvehavarane i stand til å utøve løyvet på ein rett og forsvarleg måte, noko me kjenner at dei også er interesserte i. Samstundes er me tydlege på at eit brot vil verta rapportert.

Me vil takke for den tilliten me får i oppdraget vårt. Me takkar for det gode samarbeidet, og gler oss til videre samarbeid i 2021.

Med vennleg helsing

Nils Anders Bolstad

Avdeling alkohol og servering/ sals- og skjenkekontrollen